



Utskrift frå styremøte i Radøy idrettsråd:

Tid/stad: mandag 16.09.2019 kl. 18.00 i Kommunehuset

Desse møtte: Bjørn Ove Myking, Odd-Helge Hagen, Øystein Dalland, Tanja Smeding og Olav Steinar Namtvedt.

Forfall: Tanja Thomassen og Marianne Osa

Sak 1: Prosjekt- og aktivitetsstøtte – UTTALE

Saka er sendt Radøy idrettsråd til uttale. Idrettsrådet uttalar seg om tilskot til bokseklubben og Manger idrettslag. Når det gjeld bokseklubben, er dei enno ikkje med i idrettsforbundet, men det vert arbeidd med søknad om opptak.

UTTALE: Radøy idrettsråd har ikkje merknader til innstillinga.

Sak 2: Ekstraordinær tilskotsordning 2019 – UTTALE

Saka er sendt idrettsrådet til uttale.

Radøy idrettsråd er særst nøgd med at Radøy kommune deler ut ekstramidlar til lag og organisasjonar med føremål investeringar i bygg, anlegg og utstyr som er allment tilgjengeleg. Tal søknader syner at det er stor trong for midlar. Radøy idrettsråd vil såleis oppmoda formannskapet til å utvida ramma for tilskot og at idretten får sin rimelege del av auken.

Radøy idrettsråd uttalar seg til dei søknader som har tilknytning til idretten.

UTTALE: Radøy idrettsråd har ikkje merknader til innstillinga

Olav Steinar Namtvedt (s) , skrivar

